



HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2305
Klubbnr. RK

Månedsbrev for mars 2016.

Årgang 51



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.

President: Bernhard Harkjerr
Visepres: Eileen Brandal
Sekretær: Arne G. Aschehoug
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres: Øystein Alme
Styremedlem: Sverre J. Ulstein
Styremedlem: Hanne Rognan
Ansv.red.: Karin S. Holstad
Referent: Vigdis Riise

Du var i vinden

Eg er ein båt
utan vind
Du var vinden.
Var det den leidi eg skulde?
Kven spør etter leidi
når ein har slik vind!

Olav H Hauge

Referat frå Rotarymøte 7.mars 2016.

Møtet vart opna med velkomsthelsing og song av "Alle fugler" sidan vi no kunne ane eit snev av vår sjølv om snøen låg utover alle markar. Johan Roppen som skulle halde foredrag om Høgskulen i Volda vart yngst spesielt velkomen. Han er oppvaksten på Flø og er no vald som rektor på Høgskulen.

Noverande høgskule er eit resultat av at Volda Lærarhøgskule og Distriktshøgskulen i Volda vart samanslegne i 1994. Høgskulen er mest kjend for medie- og kulturfaga - men det er minste utdanninga med færrest elevar.

Størst er lærarutdanninga 2/3 og sosialfaga med 1/4. Volda er største høgskulen i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane med sin ca 4000 studentar. Dei har i år ca 40% fleire førstegangssøkjarer enn i fjor. Kvifor Volda? Sterk merkevare med 150 års historie. Godt studentmiljø. Relevante utdanningar med m.a. media- og nettstudium; og ikkje minst er det billig og bu i Volda.

Dei andre høgskulane i fylket har andre fag som i Ålesund der ingeniørfag, simulering, internasjonal business og sjukepleie er viktig. Høgskulen i Ålesund har no gått inn i eit nært samarbeid med NTNU i Trondheim der Høgskulen i Ålesund vil utgjere 6% av total mengde studentar.

I Molde er Øk.adm, Juss, Samfunnsfag og Logistikk viktigaste faga.

Høgskulestrukturen i Møre og Romsdal har vore oppe til diskusjon siste åra sidan utdanningsministeren vil ha større einingar og ønskjer samanslåing av skular i M&R og Sogn&Fj.

Regjeringa meiner at dette vil gjere høgskulane sterkare i konkurranse om internasjonal toppforskning og grunnlag for betre kvalitet. Høgskulen i Volda meiner det motsette.

Alternativ til dette?

Høgskulen i Volda + samarbeid (Universitetet i Bergen)

Høgskulen i Volda og Sogn og Fjordane.

Vestlandshøgskulen? (Volda, Sogn og Fj, Bergen, Stord/Haugesund?)

Det vart stilt ein del spørsmål vedr, framtidig høgskulestruktur og kva ein kan vente i tida framover.

Det vert spanande å følgje med i dette dei komande åra.

Møtet som vart halde i påskeveka den 21. mars var programfritt .

Siste måndag i mars vart 2. påskedag og Rotarymøtet fall difor ut.